



Sirdal kommune

Sinnes skule

Medlem i Sinnes SU og SMU

DYKKAR REF.: VÅR REF.: SAKSHANDSAMAR: ARKIVKODE: DATO:
2601/2023 - 2007/1593 Åse-Berit Fidjeland A20 09.02.23

REFERAT FRÅ MØTE I SINNES SU 31.01.23

Til stades: Hilde Marie Almås (vararepr.) Cathrine Tjørhom, Siri Fidjeland, Frida Norheim, Signe Bøgwald Karoliussen, Kari Kvæven og Åse-Berit Fidjeland
Meldt fråfall: Kim Erika Holmgren og Magne Tjørhom

Sak 1/23: Godkjenning av referat frå møte 06.12.22
Referatet vart godkjent

Sak 2/23: Søknad om sommaråpen SFO 14., 15. og 16. august 2023
Linda Grubben har sendt søknad om sommaråpen SFO 14.-16. august 2023 med grunngjeving at saka ikkje vart korrekt handsama sist. Det var fleire foreldre og elevar enn tilsette på møtet, så handsaminga burde vera korrekt. Saka vart ettersendt 26.01.23.

Rektor informerte om at Sinnes og Tonstad SFO har dei same planleggingsdagane: To før skulestart om hausten, to til SFO-konferansen (som fell saman med Skulemøtet i Rogaland for Sinnes sin del) og Flekkefjordskonferansen etter påske. I tillegg er det ein som ikkje er felles i kommunen, og den blir fordelt på to kveldar på Sinnes.

Det er korrekt at det er nytta mykje vikar hausten 2022, men det er fordi det har vore studie/praksis og sjukemeldingar, og då får ein refundert utgifter. Det gjer ein ikkje om det er planleggingsdagar der SFO er stengt. Apropos vikarar, så er ikkje det så lett å få fatt i for tida.

Politisk representant fortel at dette er tatt opp i hovudutval for oppvekst og levekår under revidering av "Sirdalsskulen - mål og strategiar", og der ba ein om at ein bør prøva å ta omsyn til og prøva å leggja planleggingsdagane i barnehage og skule på ulike tidspunkt. Ho minner òg om at politisk leiing er svært opptatt av at einingane skal halda seg innanfor rammene ein har.

I andre kommunar/skular arrangerer fotballag o.l. fotballdag, slik at foreldra "kan kjøpa seg fri" ved å melda på ungane der. Hadde det vore aktuelt å leiga inn sommarhjelp frå 10. klasse på SFO, slik at ungdommen/ane kunne ha arbeidd desse to dagane medan SFO-tilsette er med på planleggingsdag? Det kunne vore ein del av dugnaden for å tena pengar til skuletur.

REFERAT FRÅ MØTE I SINNES SMU 31.01.23

Til stades: Hilde Marie Almås (vararepr.) Cathrine Tjørhom, Linda Grubben, Siri Fidjeland, Frida Norheim, Signe Bøgwald Karoliussen, Kari Kvæven og Åse-Berit Fidjeland

Meldt fråfall: Kim Erika Holmgren og Magne Tjørhom

Sak 1/23: Godkjenning av referat frå møte 06.12.22
Referatet vart godkjent.

Politisk representant fortalde at ho hadde tatt saka i hovudutval for oppvekst og levekår om ein kunne nytta pengar som ev. var til overs frå trafikktryggleiks- budsjetten, men sidan vegen er fylkesvei, kan ikkje ikkje gjera eit slikt vedtak der. Det var tverrpolitisk semje om at det var trafikkfarleg forbi Sinnes, og at ein skulle ta dette opp att med fylkeskommunen. Elles lova John Birkeland at potten til trafikktryggleik måtte opp tidlegare enn i novembermøtet ved seinare høve. I denne saka må ein berre purra så ofte ein kan.

Sak 2/23: Informasjon om ulike undersøkingar

a) Elevundersøkinga for 7. og 10. klasse

Rektor forklarte prikkereglane sidan det er få elevar på 7. og 10. trinn i år, og feil ved undersøkinga for 10. klasse på Sinnes. Dermed såg me berre på skåren for kvart delpunkt som går frå 1 til 5, der fem er best. Skulane synest me har gode resultat når dei ligg over 4, noko dei fleste gjer for 7. klasse i år, sjå vedlegg 1.

b) Lokal trivselsundersøking

Rektor gjekk gjennom trivselsundersøkinga, der dei fleste trivst, men det er fem (5) og åtte (8) elevar ikkje trivst heilt godt i timane og friminutta, sjå vedlegg 1. Det er ingen som ertar/plagar eller mobbar andre på nett, og få som svarar at dei gjer det på skulen.

Foreldrerepresentantane var samde om at det var greitt å ha undersøkinga i hausthalvåret, sjølv om det blei seinare enn planlagt, og ein vart samd om å ta ein ny på våren for å sjå om det har blitt forbetring. Det er meint at eleven skal gjennomføra denne saman med foreldre, og det vart stilt spørsmål ved om dette er eleven si stemme eller foreldra... Det er kanskje lurt at ungdomsskuleelevane kan få velja om dei vil svara åleine eller saman med mor/far.

Det blei diskusjon om denne bør vera anonym eller ikkje, og elevane var delte i synest på om dei hadde svara annleis om undersøkinga var anonym. Når skulen veit kven som svarer kva, kan me følgja opp enkeltelevar. Resultata er tatt opp på personalmøte og teammøte, og det har vore kalla inn til foreldremøte på mellomtrinnet. Elles vil ein snakka meir med elevane òg.

Skulen har 0-visjon om mobbing, samstundes som representantar påpeika at det er mange som trivst. Andre stader meiner ein at ein ser at Covid-19 med nedstenging og heimeskule har ført til fleire åtferdsproblem, men det kan me ikkje seia på Sinnes. Lærarrepresentanten påpeikar at elevane er hyggelege, høflege, greie og vil læra, men dei held eit høgt lydnivå. Det har t.d. ført til noko deling i TL-friminuttet fram til vinterferien.

Sak 3/23: Anna

a) Informasjon

Foreldrerepresentant etterspør meir informasjon om vikarar osb. Rektor meiner det er forskjell på "need to know" og "want to know", og lærarrepresentanten meiner dette heng att frå i haust og at me er eit lite samfunn. Ho meiner skulen er veldig på tilbodssida med månadsbrev og meldingar på Visma flyt skule, og alle er samde om at det er låg terskel for å ta kontakt både med skulen og med foreldre. Andre stader er regelen berre på e-post innanfor læraren si arbeidstid.

b) Snart vår og uteområde

Kva skjer med sidene på pump track-banen? Her er det framleis mold, og det bør vera asfalt eller gras, helst ferdigplen for at han skal få sett seg fort. Rektor har fått beskjed om at dette er skulen sitt ansvar, men på Tonstad vart det løyvt meir pengar for å asfaltera alt. Politisk representant sjekkar opp med kommunalsjef samfunn om korleis dette blei løyst på Tonstad.

Åse-Berit Fidjeland (skrivar)

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Postadresse:
Rådhuset, Tonstadveien 28
4440 Tonstad

Besøksadresse:
Sinnes skule, Sirdalsvegen
7352, 4443 Tjørhom

Telefon: 38 37 90 00
Telefaks: 38 37 03 30
28014608062
Bank kto.:

Internett: www.sirdal.kommune.no
E-post: post@sirdal.kommune.no
Org.nr.: 964964165

Om elevundersøkinga hausten 2022 på Sinnes skule

Kort analyse frå Utdanningsdirektoratet:

I dette notatet omtaler vi kun resultatene på de obligatoriske trinnene. Vi presenterer læringsmiljøindikatorane overordnet, og mer detaljert om trendene i utvalgte tema – trivsel, mobbing, motivasjon og elevmedvirkning.


- De fleste elever svarer at de har et godt læringsmiljø med høy trivsel, støtte fra lærerne, faglig utfordring og mestring.
- Mer enn 8 av 10 elever trives godt eller svært godt på skolen. På 7. trinn ser vi en svak nedgang de siste tre årene.
- Andelen elever som opplever mobbing øker på alle trinn sammenlignet med i fjor. Økningen på 10. trinn og vg1 skjer etter flere år med avtagende mobbing, mens andelen som opplever mobbing på 7. trinn har økt siden 2018.
- Mobbing er mest utbredt blant de yngste elevene. På 7. trinn svarer 10 prosent at de har vært utsatt for mobbing, mens på vg1 er andelen 4 prosent.
- Færre elever på 7. og 10. trinn er motiverte for å lære sammenlignet med de siste tre årene.
- Flere elever på yrkesfag enn på studieforbereidende liker skolearbeidet godt.
- Elevene på 7. trinn og vg1 opplever mer elevmedvirkning enn elevene på 10. trinn.

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/analyser/hoy-trivsel-og-godt-laringsmiljo-men-flere-elever-rapporterer-om-mobbing-og-lav-motivasjon/hovedfunn/> 26.01.23 kl. 11.18

På Sinnes vart det noko kluss, så der er det berre resultat frå 7. trinn som blir gått gjennom. Dei er ikkje mange, så det blir vanskeleg å sjå på dei ulike svara, for alle svar under fem elevar blir prikkja pga. personvern. Det er òg eit nytt resultatsystem, så me kan ikkje så enkelt samanlikna år for år. I tillegg har det vore noko problem med å henta ut svara frå Udir si side, så det blir svært kort i år.

Sammenlignet med: Hele landet

Elevundersøkelsen – alle indikatorer – 7. årstrinn



2022-23, Hele landet, 7. årstrinn, Alle indikatorer, Alle eierformer, Begge kjønn

Sinnes skule

Elevundersøkelsen – alle indikatorer – 7. årstrinn

Sinnes skule




2022-23, Sinnes skule, 7. årstrinn, Alle indikatorer, Alle eierformer, Begge kjønn

Lokal trivselsundersøking

38 av 51 svar, der 6. og 8. klasse hadde 100% svar, og 20 av 24 ungdomsskule-elevar svarta.

Kva klassetrinn høyrer du til?


38 svar



Det er høg trivsel, sjølv om fem (5) og åtte (8) elevar ikkje trivst heilt godt i timane og friminutta. Det viktigaste for å trivast er vener og gode lærarar, og at det er gøy. "Likar godt gymtimar som me får planlegga sjølv. Det er viktig med elevmedverknad, samt variert og praktisk undervising. Eg likar å læra ting og har eit godt forhold til både lærarar og andre elevar."


Korleis trivst du på skulen i timane?

38 svar




Korleis trivst du på skulen i friminutta?

38 svar



Vert du plaga eller erta på skulen?


38 svar



"Nokre kjem med dumme kommentarar/kommenterer alt mogleg slik at det blir dumt. Har blitt dytta, kalla stygge ting som drittunge o.l. og dei andre gjer ting når eg ikkje har lyst til det."

Vert du mobba på skulen?

38 svar




"Eg får kommentarar og blikk og blir ikkje inkludert."

Korleis er skulevegen/på bussen?

- likar ikkje å ta bussen fordi det er kommentarar på at eg har kort skuleveg og burde sykla eller gå i staden
- kjekt på bussen, OK, veldig fint, heilt grei, fin
- kjedeleg. Lang og full av motvind
- masse irriterande lyd på skulebussen frå dei små
- den er gøy fordi me chattar
- kunne godt hatt gang- og sykkelsti til GP slik at det blir tryggare å sykla
- masse snø inni bussbua
- bra, men sjedelig av og til

Plagar eller ertar du andre?

38 svar




- gutane i klassen "ertar" kvarandre

- har sagt at nokon ikkje får koma i gebursdagen min, eller ikkje får julegåve


Har du sett nokon på skulen bli mobba?

38 svar




Har du sett nokon som blir plaga/erta på skulen?

38 svar




Har du sett elevar som plagar/ertar medelevar på skulen?

38 svar



Har du sett elevar som mobbar medelevar på skulen?

38 svar



Kva kan du gjera for å forbetra skulemiljøet?

- vera hyggelig, positiv, inkluderande, grei, høfleg, smila og seia hei
 - kan seia ifrå når det er noko som ikkje er greitt, både ovanfor lærarar og elevar - leika med andre elevar, vera ein god ven, seia at dei kan bli med
 - snakka fint til andre og seia at dei andre er flinke
 - seia fine ting om andre elevar og lærarar
 - spørja om nokon vil vera med på ting, invitera andre med i leiken
 - seia ifrå om småskulen når dei slår og sparkar og skrik
 - følgja reglane og kommentera positivt
 - ikkje mobba, høyra etter, følgja reglar
 - bruka elevrådet til å få til ting
 - trøysta dei som har vondt, hjelpa andre
 - vera med på TL
 - spørja korleis andre har det
-
- det er bra nok
 - synest skulemiljøet er bra

Kva kan heimen gjera for å betra skulemiljøet?

- leggja til rette for at elevane kan møtast etter skulen, finna på ting saman utanom skulen, invitera til besøk/vener heim, ha fleire venegrupper. Kanskje nokon kunne trekkja ein lapp, så kan ein trekkja to, og då skal dei bli med heim.
- samarbeida så godt som mogleg direkte og via FAU, og gje skulen tilbakemeldingar
- snakka om kva som skjer på skulen, framsnakka skulen, støtta opp om skulearbeid, vera positiv til skulen, spørja meir om skulekvardagen
- vera gode til å hjelpa med leksene
- ein kan laga noko fint til andre, bidra til positivt miljø
- arrangera haustsamlingar og liknande
- inkludera elevane i aktivitetar, gje dei leiketips dei kan bruka på skulen
- snakka om korleis me skal vera mot andre, snakka om kjensler, snakka mykje med barna om korleis å vera god

Kva kan skulen gjera for å betra skulemiljøet?

- fortsetja å vera gode lærarar som de er
- høyra på elevane, ta elevane på alvor
- ha det gøy i timane, meir leik, uteskule
- ha fokus på godt klassemiljø og gode relasjonar elev-elev og lærar-elev
- praktisk og variert undervising
- meir informasjon til heimen, om t.d. Estlandstur, vikarar, valfag, store endringar i skulekvardagen - gjerne på Visma og informera om det i klassane
- høyra på elevane sine ønsker. Bra med læraren som er med i elevrådet dette året, som viser at ho høyrer på elevane og får fram deira ønske
- kommentarfelt på fleire av spørsmåla i denne undersøkinga, spesielt dei som går på trivsel
- nye ting å gjera på ute og inne, ny leikehytte ved skulebua, zipline
- sørga for at alle er snille med kvarandre
- ta ein ordentlig prat med småskulen om slåing osv.
- gje oss lengre matfriminutt, at dei ulike klassane kan ha litt forskjellig friminutt
- vera snille og rettferdige med elevane
- mat på skulen
- fine og velstelte uteområde, som inspirerer elevane til å leika saman
- passa på at alle barna er sikre, trygge, og at dei ikkje er redde
- begynna seinare på skulen
- bidra til positivt miljø, passe på elevane
- Åse Berit e veldig god til å gjør gode ting med skulen, defor vett eg ikkje heilt om hu har gjort dei tingå


Kva kan me saman gjera for at skulen vår skal få positiv omtale slik at andre får lyst til vera elev på Sinnes skule?

"Ja, men eg vil at det her ska ver en liden skule, fordi ganske mange i klassen min, seie at der det e mange i klassen, e dar mer folk så tulle, og mobbe og sånt. Så eg vil egentlig ikkje ha så stor klasse."

- skulen må vera tydeleg i si formidling ovanfor elevar og foreldre kva som føregår på skulen
- for at det skal vera eit "me" må heimen "føla" at det går begge vegar
- ha ting på skulen som fristar andre, og snakka fint om skulen og kvarandre
- skulen må laga ein instagram- og tiktok-konto
- vera positiv, snill og grei, greie med einannan, gjera det me skal, inkludera
- ha det gøy, leika saman
- spørja NRK om å laga ein dokumentarserie, ev. leggja ut eit innlegg på Facebook om kor bra me har det
- passa på at alle er snille med kvarandre og seier fine ting
- satsa på eit velstelt og flott uteområde, med leikeutstyr og tilbod som gjer at barna vil opphalda seg på skulen òg etter skuletid
- er folk nøgde med skulen og tilboda, lærarane osv., så vil folk omtala skulen i positive ordelag
- ønskja nye elevar velkomne
- me kan leika saman, passa på alle, vera snille og hjelpsame
- me kan mala skulen i mange fargar og ha litt fleire leikeapparat
- godt ute- og innemiljø

Kor ofte brukar du mobiltelefon?


38 svar



- Aldri
- Omtrent kvar veke
- Omtrent kvar dag
- Fleire gonger kvar dag

Kor ofte brukar du internett og andre sosiale medium? (SnapChat, Tik-Tok, Facebook, Twitter, Instagram, e-post o.l.)?

38 svar




- Aldri
- Omtrent kvar veke
- Omtrent kvar dag
- Fleire gonger kvar dag
- Av og til

Ingen har mobba andre via telefon.

Har du vorte mobba via IKT (SnapChat, Facebook, Twitter, Instagram, e-post o.l.)?

26 svar



- Ja
- Nei

- fått bilete av bannefinger